

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Palmesøndag – 09. april 2017

Preiketekst: Joh 12,12-24

Lesetekst I: 2 Mos 12,21-28

Lesetekst II: Ef 2,12-18

## Påskepreludium

### Til dagen

Palmesøndag er starten på ei særmerkt veke. Slik i folkelivet og endå meir slik i kyrkja. Folk flest ser fram til fridagar og er klare til sjø eller snø, med god tid og god mat. Kyrkja startar «ekstremveke», med gudstenester i tide og utide. - Og så: i år er Palmesøndag 9. april. Ein merkedag, det óg, om enn av nasjonalhistorisk karakter.

Alt dette verkar vel inn på oss, meir og mindre, anten me er forkynnarar eller tilhøyrarar. Og kanskje kan me dra nytte av det dagen/situasjonen inneber, anten det er den sutalause fridomskjensla, det svære gudsteneste-drama i fleire akter (dagar), eller det meir vemodige okkupasjonsminnet.

### Moblisering

Jesus kjem frå Betania. Der hadde han mobilisert livskraftene mot okkupanten døden. 'Livet for verda' konfronterer okkupant og okkupert: «Ta bort steinen» (11.39). Døden måtte makteslaust sjå på at ein fange rømde på ei ukryptert melding frå Jesus Messias: «Lasarus, kom fram!» (11,43).

Så skjer det slag i slag: festmåltid med underlege innslag, m.a. eitt av liturgisk karakter: salvinga (Messias/Kristus tyder *den som er salva*). Det luktar ikkje lenger død og mismot, men nardus og tru (12,11).

Det er altså litt av eit preludium før det lystige inntoget i Jerusalem. Byen er full av gjester og pilegrimar. Det må ha vore eit sydande liv i gatene, der liturgisk liv og folkeliv var to sider av same sak. Feiring av frigjerings-minnet, påskemåltidet, - det kollektive og det individuelle gjekk over i einannan. I ei okkupert ramme får dei feira fridomen.

### Det store hallel

Utan SMS fekk dei likevel meldinga: Jesus er på veg. Og hans eigne tok imot han, i rett modus som dei var. Referanseramma var ikkje berre eit vagt minne, men aktualisert ved høgtida; 'kjendispressa' var Skrifta. «*Hosianna! Velsigna er han som kjem i Herrens namn, Israels konge*» (Sal 118.25f). Folk går Jesus i møte og syng like godt ein bit av *Det store hallel* (Lovsongen), som jo er ein del av den jødiske påskeliturgen. Det er ein heil liten andakt berre dette: dei feirar minnet og (Messias-)håpet, og so kjem han, ikkje berre i trua og vona, men der og då! *Velsigna er han som kjem*.

### Israels tru og vår gudsteneste

Profeti og oppfylling, røter og vokster, tru og himmel – Palmesøndag er ein flott Israelsdag. Me bør

vel 'lura inn' litt av vårt særstoff som Israelsvener? Fordi det er sakleg rett og fordi det er 'beleilig tid' i påska. Det er *inntog*, det er inngang, - som ein prosesjon langs midtgangen. Me må ikkje bli ståande, men ta opp våre palmegreiner og syngja med i omkvedet: Hosianna. Me minner Herren om hans lovnader og takkar for alle hans velgjerningar. Me styrer fram mot Måltidet (Skjærtorsdag), me løftar vår sjel mot Golgata (Langfredag) og slepper vår ånd laus til *Deg være ære* (Påskedag).

Sentrum for Palmesøndag er Jesus Messias. Jesus kjem, han som er Guds lovnader, og deira Amen. Jesus, audmjuk på eselfolen, let seg hylla, og veit samstundes om krossfest-ropa som ventar. Han høyrer frelsesbøna «gje frelse» (Hosianna), og veit at han ikkje berre skal gje hjelp til frelse, men *vera* denne ved sitt eige blod.

Palmesøndag har vemodet i seg: me veit kva som ventar. Men det er søndag, Herrens dag, oppstodedagen. Det er klart me lyt jubla! Og løfta fram våren og fridomen, ikkje berre rundt oss, men i oss.

### **Min palmesøndag i år**

Sjølv skal eg forretta barnegudsteneste 'innunder den evige sne': vegg i vegg med Jostedalsbreen skal me syngja vårt Hosianna. Det er særst dårleg utval av palmegreiner, men raudkjaka born og avslappa vaksne skal få minnast og feira og (helst) la seg riva med i takken og forventinga: «*Sjå, kongen din kjem!*»(12,15 og Sak 9.9). Ei gudsteneste på 'Breheimsenteret', i kyrkje og katedral, i bedehus og i heimar – *er det samme, har han sagt*, berre Messias får koma inn og sleppa til!

### **Sjå Jesus**

Tilreisande grekarar bad om å få sjå Jesus (12,20ff). Vår tids påskefeiring må ha dette in mente. Me må visa *fram* Jesus, ved ikkje å forsømme samlinga og ved vår daglege veremåte. Me må visa *til* den same Jesus, ved personleg vitnemål og ved evangelisk forkynning. Palmesøndag kan vera ein av slike 'opne dagar', der Guds folk viser fram og viser til Jesus («*Ein by som ligg på eit fjell*»...)

**Då kan det bli vår og fridom. Det er påskehelg for Herren!**

### **Geir Paulsen**

Sokneprest i Luster og krinsleiar for Den Norske Israelsmisjon Sogn og Fjordane

[geir.paulsen@kyrkja.luster.no](mailto:geir.paulsen@kyrkja.luster.no)